



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 04.10.2013

Vår ref.: 2013/8323

Arkivnr.: 430

Samferdselsdepartementet  
postmottak@sd.dep.no

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

---

## Uttale til rapport om fysisk kompensasjon for jord- og naturverdiar

Viser til brev av 06.08.2013.

---

**Fysisk kompensasjon skal berre nyttast som siste utveg der det ikkje finns andre linjealternativ eller avbøtande tiltak som kan ivareta både utvikling av samferdsel og vesentlige verneinteresser. Fysisk kompensasjon kan vera med å løyse fastlåste større planprosessar i dei tilfelle der det er lite konfliktfylte erstatningsareal å ta i bruk og der det er mogleg å få til gode agronomiske og naturfaglege løysingar.**

---

### Erstatning og forbetring av produktive landbruksressursar

Fysisk erstatning og forbetring av dyrka jord, gode kulturbeite og høgproduktive skogsareal bør vera aktuelt i samferdselsprosjekt både i forhold til grunneigarar og for å erstatte samfunnmessige tap av viktige primærproduksjonsressursar.

Fysisk kompensasjon til erstatning av dyrka jord, vil oftast måtte takast av produktiv skog, dyrkbar jord, kulturmark og tidlegare dyrka mark. Det vil såleis svekke jordreserven, samstundes som naturverdiar i erstatningsarealet går tapt i oppdyrkinga. Jordlova sine forskrifter om nydyrking kan gje noko retning på kva som kan veljast som erstatningsareal.

Dyrka mark har oftast ei lang historie og er ein del av eit kulturlandskap med kulturminne inkludert kulturpåverka naturtypar. Desse samla og gjensidig styrkande verdiane kan vanskeleg erstattast av fysisk kompensasjonsmark. I nokre få høve vil ein kunne finne erstatningsmark i form av landbruksareal under attgroing, der ein ideelt sett kan få til gode løysingar for heile rekkja av kulturlandskapsverdiar. Men dette krev god samordning av verkemiddelbruk og juridisk kløkt i forhold til eigarskap og vidare drift og skjøtsel.

## Masseoverskot er ein ressurs

Bygging av veg og bane, inkludert tunnelar, gjev ofte store overskotsmassar i form av både stein, jord og lausmassar som kan nyttast til positiv landskapsforming, restaurering og nyanlegg av dyrka jord og tapte areal til friluftsliv og rekreasjon. Desse overskotsmassane er ein viktig materialressurs. Samfunnsmessig god bruk av desse, bør i større grad enn til no, vera ein integrert del av alle reguleringsplanar (statlege, regionale eller lokale) for store og små samferdselsanlegg.

I nokre særlege tilfelle, vil tilbakeføring til LNF-formål av område med avvikla næring eller offentlege føremål, vera vinn-vinn løysingar for alle partar. Dette kan vera avvikla områder for forsvar, mineralverksemd, tidlegare flyplass osv. Eit dagsaktuelt døme på dette er areal på Kvitsøy, ved tidlegare kortbølgjesendar (Kråggøy), og planarbeid for Rogfast. Slike høve må nyttast der dei finns.

Statlege samferdselsmyndigheiter kan skape ekstra samfunnsnytte ved å bidra til planavklart byggegrunn, friluftsområde eller nye produktive landbruksareal med overskotsmasse frå samferdselsprosjekt. Dumping i hav eller innsjø, har i all for stor grad vore ei enkel og kortsiktig rimeleg løysing. Regionale vegmyndigheiter i Rogaland har gjort store steg i rett retning på dette området i løpet av dei siste åra, gjennom bruk av masse frå større tunnelprosjekt.

## Erstatning og forbetring av naturområde

Fysisk kompensasjon av viktige naturverdiar krev differensiering. Å erstatte turområde med natur som er vanleg på staden, er til dømes meir realistisk å få til enn ein fysisk kompensasjon av ein utvald naturtype eller ein prioritert art. Ein klimaksskog med sjeldne lavartar, kan td. ikkje flyttast. Det må også takast særlege omsyn til kva større naturområde den skada/øydela naturen ligg i, og kva rolle lokaliteten spelar i ein landskapsmessig og naturgeografisk heilskap. Det må vera ulik tilnærming til fysisk kompensasjon ut frå ulike naturtypar og ulike verneverdi. Dette må meislast ut gjennom god naturgeografisk kunnskap, god nasjonal oversikt og dokumentasjon av attverande naturverdiar med geologi, fauna, flora, naturtype og landskap.

Opplistinga under er ikkje fullstendig, men meint som døme som må fylgjast opp vidare.

*Kulturbetinga verdifulle naturtypar*, td . ugjødsla beite, hagemark og kystlynghei

→ Ikkje meiningsfylt med ny erstatningsbiotop ut frå natur-verdiane. Ofte uerstattelege kulturminne i tillegg. Oppgradering av nærliggjande areal som er i ferd med å gå tapt grunna manglande bruk og skjøtsel, er høgst aktuelt. Døme er kystlynghei.

*Større naturområde utan vesentlege inngrep (INON)*.

→ Er ikkje sannsynleg å fysisk kompensera.

*Nærfriluftsområde med naturverdiar med stor opplevingsverdi*

→ varierende høve til fysisk kompensasjon ut frå kva areal som er tilgjengeleg. På Nord-Jæren måtte ein då ofte ty til jordbruksareal eller verna/verneverdig natur. Det er lite anna areal tilgjengeleg rundt tettstadane. Ofte er nærfriluftsområde her kombinert med kulturskog. Dette kan vera enklare i mindre landbruksintensive område enn Rogaland. Og også i område med mindre byggepress, der til dømes tidlegare lite intensive industritomter kan vera aktuelt kompensasjonsareal.

### *Inngrep i naturfreda område*

→ Samferdselsprosjekt skal så langt som råd unngå å gå inn i naturfreda område. Viss det likevel må til ut frå store samfunnsmessige interesser, må ein vurdere avbøtande tiltak. I planar om ny eller utbetra jernbane som gjev inngrep i naturvernområde, bør utviding av verneområde vurderast dersom det finns tilgrensande naturtypar med same eller høgare verdi. Det vi jo likevel føre til eit samla tap av verneverdig natur og kan berre vera aktuelt som ei siste løysing. Dersom eit naturreservat vert øydelagt, er det aktuelt å verne eit tilsvarande område om det finst. Å fysisk utforma eit erstatningsareal for tapt naturvernområde, er lite realistisk. Men einskilte biotopforbetrande tiltak overfor dei skadelidande artane, kan vurderast.

### *Inngrep i leveområde raudlista og/eller utvald naturtype/prioritert art*

→ Fysisk kompensasjon må vurderast som siste utveg, og i kvart einskild tilfelle. Det er stor variasjon i høve til å få dette vellukka. For sjeldne og truga planter er det utfordrande å skape nye og stabile lokalitetar. Dette vil variere frå art til art og er ofte krevjande både fagleg og økonomisk, jamfør saka om dvergålegras i Sømmevågen, Sola.

## **Konklusjon**

Fylkesmannen er positiv til å opne for bruk av fysisk kompensasjon for tapte produktive landbruksareal og tapte naturverdiar i samferdselsprosjekt. Dette bør prøvast ut i store samferdselsutbyggingar i statleg regi i fyrste omgang, til dømes nye tog-linjer. Å unngå å skade nasjonalt og regionalt viktige område med landbruk og naturverdiar, må likevel vera hovudregelen i planlegging for utvikling av samferdsel, jamfør gode føringar om dette i NTP. Det er ikkje realistisk å tru at fysisk kompensasjon vil bidra monaleg til effektivisering av planprosessar ut frå at andre alternativ må ha vore prøvd. Vellukka fysisk kompensasjon av natur jord og særleg natur er teknisk sett utfordrande. Det er bruk for å byggje opp nasjonal kompetanse på dette ut frå våre varierte klima- og naturforhold. Å ta i bruk nye areal til erstatning for dei som går med direkte i samferdselsanlegget, gjev og tap av areal med andre verne- eller bruksverdiar.

Med helsing

Harald Thune  
ass.fylkesmann

May Britt Jensen  
fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: May Britt Jensen  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 27  
E-post: fmromaj@fylkesmannen.no